

NOTAT

MØTE MED REPR. FRÅ FYLKESMANNEN 18.11.2014

Frå Fylkesmannen møtte seniorrådgjevar Håvard Rød.

Frå Fusa kommune møtte ordførar Hans S. Vindenes og rådmann Berit Fløisand.

Hovudspørsmåla følgjer nedanfor, jfr. side 63 i arbeidsnotat frå rådmannen vedr. Økonomiplan 2015-2018 og årsbudsjett 2015.

TILTAK: Be Fylkesmannen om ekstra skjønnsstilskot for 2015 sidan ein del av tiltaka ikkje får heilårsverknad i 2015.

TILTAK: Kan Fusa kommune budsjettera med underskot på drifta for 2015 dersom vi viser til innsparingstiltak dei neste åra? Dette må takast opp med Fylkesmannen.

VURDERING: Evt. oppfølging: Ordførar og rådmann.

SVAR FRÅ FYLKSMANNEN:

Vedr. ekstra skjønsmidler:

Ikkje alle skjønsmidler for 2015 er delt ut i samband med statsbudsjettet. Fylkesmannen har ein mindre pott som kan søkjast på og som skal fordelast til særskilte prioriterte tiltak. Søknadsfrist er på forsommaren 2015 og svar frå Fylkesmannen kan forventast oktober 2015.

Vedr. budsjettering og underskot på drifta for 2015:

Kommunen kan ikkje budsjettera med eit rekneskapsmessig underskot. Kommunen kan evt. nytta disposisjonsfond for å saldera budsjettet.

Vidare kan kommunen budsjettera med årlege avdrag på minimum 3,5 % av total lånemasse. Fylkesmannen kan ikkje godkjenna lengre nedbetalingstid, dvs. årlege avdrag mindre enn 3,5 %. Hittil har Fusa kommune betalt avdrag tilsvarande 4 %.

Fusa kommune har i økonomiplanperioden budsjettert med 3 % rente for alle nye lån.

Det er forventa stabilt låg lånerente og kommunen kan vurdere å budsjettera med litt lågare rente – dvs. mindre rentebuffer.

TILLEGGSOPPLYSNINGAR FRÅ RÅDMANNEN.

Vedlagt dette notatet følger to alternative økonomiplanar:

1. Korrigerte tal i økonomiplanen – arbeidsnotatet frå rådmannen side 28 og 29.

Vi ser at tal for avdrag og renter ikkje er korrekte slik dei er sendt ut.

Vedlagt følger kvalitetssikra tal for avdrag/renter og følgjeleg endra økonomiplan 2015-2018. Føresetnaden i dette alternativet er uendra, dvs.

- 4 % avdrag av årleg netto lånegjeld
- 3 % rente på nye lån
- Serielån med like avdrag kvart år

2. Alternativ økonomiplan 2015 – 2018 med følgjande premisser for avdrag/renter.

- 3,5 % avdrag av årleg netto lånegjeld
- 2,75 % rente på nye lån
- Serielån med like avdrag kvart år

18.11.2014

Berit Fløisand

Rådmann